

Mot-ekspertise – meir demokrati, meir fornuft!

Kva er mot-ekspertise? Ein irrasjonell protest mot ekspertisen, mot sanninga? Nei, mot-ekspertise er også ekspertise, dvs. sann innsikt. Mot-ekspertise gjeld nettopp den delen av sanninga som *ikkje* kjem til orde når berre dei *etablerte* ekspertane får uttale seg. Å sikre at mot-ekspertise blir skapt og nytta, er derfor å sikre ein større grad av rasjonalitet. Dessutan, dei sterke gruppene i samfunnet har som oftast nok ressursar til å kunne sikre seg den type ekspertise som er til gagn for deira interesser. Dermed blir kravet om mot-ekspertise ofte eit demokratisk prosjekt, til støtte for dei gruppene og interessene som ikkje så lett kjem til orde.

Eit par eksempel

(1) Eg skal gi eit døme på korleis dette ter seg i praksis – og historia er sann: I ein kommune på Austlandet var det spørsmål om å sentralisere ein skule i ein utkantkrins. Det oppstod ein konflikt. Folk i utkanten ville ha skulen sin. Men sett frå kommuneadministrasjonen framstod folk i utkanten som usaklege og urimelege. Nokre samfunnsforskarar kom til for å granske konflikten, og saka viste seg å vere denne: Miljøet i utkantkrinsen var prega av høg sosial trivsel. Folk samarbeidde godt, med dugnader og rikt lagsliv. Dei reiste gjerne lang veg til og frå arbeidet for å kunne bli verande i bygda, og dei ønskte å ha ungane sine på skulen der. I senteret var det økonomisk stønad både til bygging og tilstellingar, men samarbeidet var dårlegare og oppmøtet mindre. Utkanten hadde med andre ord eit betre miljø, noko som folket der følte, men som dei ikkje makta å setje ord på – for dei var vanlege arbeidsfolk og bønder (utan mot-ekspertise). Og då konflikten oppstod, vart det dessutan sagt frå folk i administrasjonen i bygdesenteret at diskusjonen måtte vere «sakleg». Sjølv sagt kunne ingen gå imot det. «Sakleg» må alle vere. Det var berre det at «sakleg» her tydde at *einast økonomiske argument skulle telje*, dvs. «saka» vart definert som ei reint økonomisk sak. Med andre ord: den eine parten fekk den andre til å godta *eitt* perspektiv på konflikten, der berre eitt slag ekspertar kom inn, nemleg økonomane. Og dermed var slaget tapt for folk i utkanten. Det var no ei smal sak å vise at det var urimeleg å argumentere med at det ville bli for dyrt å byggje bru for skulebussen osv.

Det som skjedde, var altså at *ein* bestemt måte å forstå saka på vart akseptert som «den rette». Ein underslo perspektivmangfaldet. *Éi* ekspertgruppe fekk dermed monopol på saka. Ein underslo at *andre* ekspertgrupper hadde sakleg grunnlag for å delta. Her kom t.d. ikkje

sosiologane med. Den sosiale trivselen – som var eit viktig aspekt ved saka sjølv – kom derfor ikkje inn i bildet.

Legg merke til at vi her ikkje har tatt stilling til om ein «burde» sentralisere. Vi har berre vist til at den måten saka vart vitskapleg analysert på (ut frå ein viss type økonomiske omgrep aleine), hindra aktørane i å få eit mest mogleg sant bilde av saka. Og dette er både vitskapleg og politisk uheldig. Det er vitskapleg forkasteleg fordi det hindrar eit mest mogleg sant bilde av saka. Og det er politisk forkasteleg fordi det hindrar folk i å hevde interessene sine i ein open demokratisk debatt.

Det folk i utkanten skulle ha hatt, var derfor *mot-ekspertise*. Mot-ekspertise ville ha sikra både ein større grad av rasjonalitet (eit sannare bilde av saka) og ein reell demokratisk debatt. Mot-ekspertise tyder såleis ikkje irrasjonalitet, men auka rasjonalitet. Mot-ekspertise tyder ikkje udemokratisk press frå bestemte grupper, men eit meir reelt demokrati.

(2) Men det er ikkje slik at sterke grupper alltid veit sitt eige beste. NATOs nye strategi illustrerer poenget – her er eit eksempel:

I *The New York Times* 13. oktober 2007, 6 år etter åtaket på World Trade Center, kunne vi lese at den amerikanske hæren no har engasjert antropologar i Afghanistan og Irak:

Army enlists anthropologists as advisers: Anthropologists have helped the U.S. military understand local people in Afghanistan and Iraq: “We’re looking at this from a human perspective, from a social scientist’s perspective,” he [Colonel Martin Schweitzer, commander of the 82nd Airborne Division] said. ... “We’re focused on bringing governance down to the people”.

NATOs nye strategi, med “preemptive strikes”¹ og intervensjon på framandt territorium, stiller store krav, ikkje berre til militært utstyr og fagmilitær innsikt, men også til kunnskap og innsikt av mange slag.² Éin ting er å bombe seg fram til Bagdad med rakettar og panservogner, eller å gå inn i Afghanistan med militært utstyr, noko anna er å vite kva ein skal gjere når ein er der, og når og korleis ein skal komme seg ut igjen – ikkje minst dersom ein også har som målsetjing å skape eit stabilt og rettsstatleg demokrati i eit samfunn utan slike tradisjonar. Med andre ord, før ein eventuelt går til slike steg, bør ein ha tenkt igjennom at det også trengst innsikt i samfunnsmessige og kulturelle forhold, samt evne til å vurdere dei ulike kunnskapsformene opp mot kvarandre. Elles kan det heile fort bli «over evne», og dét burde ein ha tenkt på då ein lanserte den nye strategien. Kort sagt, allereie av vitskapsteoretiske grunnar er den nye intervensjonistiske NATO-strategien grunnleggjande problematisk. Utfyllande mot-ekspertise kunne ha vori nyttig, som motvekt mot dei militær-teknologiske optimistane.³

Som utfyllande merknad om begrepet mot-ekspertise skal eg gi ein rask kommentar til forholdet mellom vitenskap og politikk. Deretter skal eg peike fem problemfelt der mot-ekspertise er viktig. Framstillingsforma er enkel og endefram, utan problematiserende drøftingar.

Vitenskap og politikk

Det er mange utfordringar for moderne samfunn. Eitt sentralt problem gjeld forholdet mellom vitenskap og politikk, mellom ekspertar og politikarar. Her har vi t.d. faren for einsidig kunnskap, fordi berre visse typar vitenskap kjem til orde, mens den kunnskap og innsikt som andre vitenskapar kunne ha gitt, blir oversett. I moderne samfunn treng vi derfor ein fagkritikk som varslar når viktige og relevante former for innsikt og kunnskap *ikkje* kjem til orde. Ofte er det slik at dei perspektiv og synspunkt som ikkje kjem til orde, er dei som kunne ha vori til hjelp for grupper og interesser som stiller svakt i samfunnet.⁴ Slik sett er den fagkritiske fokuseringa på mot-ekspertise både fornuftig og politisk motivert.

Referansen til den nye NATO-strategien gir ei påminning om at behovet for mot-ekspertise er djupt forankra i moderne vitenskapsbaserte samfunn, også innanfor dei tunge sektorane, slik som militærpolitikk og teknologiutvikling. Men så kan det vere på sin plass med ei meir allmenn påminning: Då naturvitenskapane tok form, frå renessansen og utover, var det mange som meinte at vitenskapleg kunnskap kunne gi oss dét sanne svaret på det vi spør om, og at ein tilhøyrande teknologi ville gi oss dén rette løysinga på dei problema vi står overfor, grovt sagt: Eitt bestemt problem har eitt sant vitenskapleg svar og éi praktisk riktig løysing! Dagens teknologi-optimisme kan enno vere prega av slike oppfatningar. Men i omgang med konkrete og komplekse problem – slik som industripolitiske prosjekt, kamp mot fattigdom, innvandrings- og integrasjonspolitik, eller naturvern og økologiske utfordringar – er det heile meir komplisert, og dét av prinsipielle grunnar. Tre grunnar kan nemnast:

(i) Komplekse problem kan beskrivast og forklarast på ulike måtar. Ikkje berre éin, men fleire vitenskaplege disiplinar vil vere relevante. Det er noko av dette oberst Schweitzer og dei amerikanske militærstrategane omsider fekk med seg: Det er ikkje nok med militær makt og vitenskapsbasert høgteknologi! Saka – her krigen – har også samfunnsmessige og kulturelle sider, som krev andre former for vitenskapsbasert kunnskap og innsikt. Tilsvarande er det med større industrielle prosjekt, der det ikkje berre trengst ekspertise frå fag som jus, økonomi, fysikk eller kjemi, men også frå økologi, samfunnsvitenskap og humaniora – samt eit fornuftig skjøn for å vurdere alt dette.

Som vi veit, kvar disiplin – økonomi, økologi, sosiologi etc. – har sine egne omgrep og metodar. Og det finst ingen over-vitskap som utgjer ein syntese av desse ulike perspektiva, jamvel om det finst overlappande omgrep og metodar, og jamvel om alle disiplinar har det til felles at dei omfattar sakleg argumentasjon.⁵

Kort sagt, vitskapleg kunnskap framtrer i *fleirtal*, ikkje i eintal – vitskapane, ikkje vitskapen – og vitskapane er perspektivistiske. Den enkelte disiplin avdekker og tildekker på same tid, og det finst ikkje eit samlande vitskapleg overstandpunkt som i eitt og same språk grip alle saker ut frå alle perspektiv på same tid.

Samtidig er det slik at vi langt på veg forstår oss sjølve og verda ved hjelp av vitskaplege forståingsformer.⁶ Derfor er det ein fare for at vi kan bli hengande ved bestemte perspektiv og modellar på ein måte som gjer oss blinde for skilnaden mellom den modellen vi opererer med og røyndommen.⁷ For eksempel, i økonomisk teori har vi modellar for å analysere menneskeleg åtferd, men andre samfunnsvitarar, samt psykologar og psykiatrar, har jo andre ting å seie om menneskeleg åtferd.⁸

Dette vitskapsteoretiske poenget er viktig å ha med seg, for ved manglande refleksjon av dette slaget kan vi ende opp med sviktande realitetsoppfatning: Visse perspektiv – visse modellar og tenkjemåtar – blir dominerande, til fortrengsel for andre perspektiv, som også er relevante for dei problema det er tale om.⁹

Derfor er det politisk viktig med fagkritisk refleksjon, for å kunne motarbeide at visse disiplinar og visse perspektiv blir dominerande på ein uheldig måte – anten det no er økonomi eller statsvitskap,¹⁰ eller biologi,¹¹ eller litterær teksttolking.¹² Kort sagt, det er viktig med mot-ekspertise.

(ii) Dermed har vi alt rørt ved det andre poenget: I eit samfunn med maktkamp av mange slag – politisk, økonomisk, symbolsk – vil det vere sterke interesser som ser seg tente med at bestemte perspektiv, bestemte modellar og tenkjemåtar, blir dominerande og at andre ikkje får komme til orde. Også av den grunn er det påkravd med fagkritisk diskusjon og med kompensierende tiltak for å motverke at visse krefter og visse grupper får eit urimeleg overtak. Dette er det demokratiske aspektet ved mot-ekspertise.

(iii) Så det tredje poenget: Vitskapleg kunnskap er ikkje berre *perspektivistisk*, og potensielt *interessebefengt*, men også ofte *usikker*. Kort sagt, empirisk kunnskap er feilbarleg, og kunnskapsbasert teknologi er feilbarleg. Det betyr ikkje at ”alle standpunkt er like usikre og derfor like sanne”. Det finst betre og dårlegare argument, betre og dårlegare belegg, jamvel

når det er tale om feilbarlege hypotesar og teoriar.¹³ Dette betyr heller ikkje at alle teknologiske opplegg er like usikre. Men det betyr at vi i vitskapsbaserte kunnskapssamfunn, med vitskapsbasert teknologi, lever med grunnleggjande usikkerheit.

Om desse tre poenga (i, ii og iii) er det meir å seie. Men det får rekke i denne samanhengen: I lys av desse poenga framstår teknologisk baserte kunnskapssamfunn som ”risikosamfunn”.¹⁴ Dette er viktige innsikter å ta med seg, i møtet mellom politikk og vitskap.

I møtet mellom politikk og vitskap bør det derfor stillast krav til kompetanse og kritisk refleksjon, på begge hald – både i politikken og i vitskapen. Kort sagt, på forskarsida er det påkravd at det blir spela med opne kort, ved at forskarane gjer det klart kva kvar og ein kan og ikkje kan, at ein gjer det klart kva føresetnader ein går ut frå, med tanke på modellar og omgrep, metodar og data, og at ein dermed signaliserer korleis dette er med å prege det ein har å seie, og korleis andre føresetnader, for andre fag og perspektiv, kunne gi opphav til andre oppfatningar, som eventuelt kan opne for andre handlingsformer og ordningar.¹⁵ På politikarsida er det påkravd at ein er medviten om denne typen problem og at ein derfor arbeider aktivt for å unngå at det ein seier og gjer er prega av einsidig ekspertise. Kort sagt, ein bør leggje til rette både for offentleg meiningsutveksling og for meir spesialiserte diskusjonar om slike tema. Dette har klare implikasjonar for mediepolitikken og for universitets- og utdanningspolitikken.

Merknadene så langt galdt forholdet mellom politikk og vitskap meir allment. På denne bakgrunnen skal eg vise til fem område der mot-ekspertise er viktig. Det gjeld institusjonelt mangfald, utanrikspolitisk realisme, fridom som autonomi, kultur som identitet, og solidaritet med kommande generasjonar. Eg skal uttrykke meg kort og kontant, med fokus på hovudpoenga.

Institusjonelt mangfald

Eit fornuftig og framtidsretta regime står i kontrast til nyliberalisme og ”New Public Management” (NPM¹⁶) der ulike institusjonar blir strukturerte etter same leist: deregulering, privatisering, marknadsutsetjing, og kontroll ut frå innkomne rapportar, utan at kontrollørane treng å kjenne faga og verksemdene innanfrå – anten det gjeld helse- og sosialvesen, skule og utdanning, forskning og universitetspolitikk, næringspolitikk og offentleg eigarskap, eller infrastruktur, som post, jernbane og vegar.

Ein slik eindimensjonal politikk utgjer ei forenkling av det mangfald av ulike institusjonar, med forskjellige formål og funksjonsmåtar, som krevst i moderne institusjonelt differensierte samfunn. Kort sagt, dei enkle modellane om motivasjon og målsetjing som her ligg til grunn, inneber ei innsnevring både av politikarrolla og av rolla som samfunnsborgar, til fordel for rolla som kontrollør og rolla som forbrukar. Den enkeltes innverknad blir då primært forstått som individuell påverknad via marknadsmekanismane, supplert med ein juridisk klagerett, og samtidig blir sjefnivået (ofte i ”fristilte etatar”) tillagt stor makt (og høg løn).

Eit fornuftig og framtidsretta regime står i kontrast til slike forenklingar. Det vil sikre det institusjonelle mangfaldet som krevst i moderne samfunn, og gå imot ein-sidedig deregulering og marknadstilpassing. Det betyr styrking av institusjonell eigenart og autonomi, m.a. ved at staten og det offentlege går inn på ein forpliktande måte, både ved rettslege og økonomiske verkemiddel, gjerne i form av statleg eigarskap – ikkje berre av helse- og sosialvesen og av utdanning og forskning, men også for infrastruktur og hjørnesteinsbedrifter, og nasjonale ressursar som olje og fossefall. På denne måten får politikarane ei fyldigare ”verktøykasse”, og den enkelte får fleire arenaer for livsutfalding.

Utanrikspolitikkk realisme

NATO's nye strategi om militær intervensjon fører til overbelastning med tanke på dei mange typar av kunnskap og kompetanse som trengst dersom ein bestemmer seg for å gå inn i eit framandt konfliktområde i håp om å kunne opprette eit fredeleg og berekraftig samfunn. Her krevst meir enn militær kompetanse. Den nye NATO-strategien opnar for fatale forenklingar og tvilsame vedtak. Tilsvarande er det fare på ferde dersom vi baserer oss på ein for snever ekspertise i bistandspolitikken, t.d. overfor statar med mangelfulle rettslege og politiske institusjonar. Kort sagt, innføring av demokratiske fleirtalsval er ikkje nok.¹⁷ Som vi veit frå eiga historie: Det er mange materielle, institusjonelle og sosiokulturelle vilkår som må på plass før vi eventuelt får eit fungerande demokrati. Mellom anna trengst det tillitsskapande læringsprosessar partane imellom, t.d. slik at det styrande parti tillitsfullt kan gå i opposisjon ved eit valnederlag. Her er det tale om skilsetjande erfaringar som ikkje kan innførast frå utsida, men berre tileignast av aktørane sjølve.

Eit fornuftig og framtidsretta regime søker å unngå slike forenklingar i utanrikspolitikken, både overfor smalsynte haukar i forsvarspolitikken og kortsynte duer i bistandspolitikken.

Fridom som autonomi

Det er for enkelt å forstå fridom som om det i grunnen er eit spørsmål om valfridom på ein marknad, som ved kjøp og sal av varer og tenester. Dels blir vi raskt overbelasta av dei mange tilbod på dei forskjellige marknadene. Dels er andre val viktigare for oss enn dei val vi gjer som konsumentar, andre val slik som spørsmålet om kva slag miljø og institusjonar vi vil leve i og kva slags menneske vi ønskjer å vere.¹⁸

For eit fornuftig og framtidretta regime er spørsmålet om fridom knytt til spørsmålet om personleg autonomi, ikkje som eit gitt faktum, fikst ferdig, men autonomi som eit uavslutta prosjekt, som fordrar eigeninnsats av den enkelte, men som også krev tilrettelegging frå samfunnet si side.¹⁹ Autonomi kan krenkast og krympast. Derfor må autonomi byggjast og styrkast, igjen og igjen.

Då er dei rettslege rammene som rettsstaten gir, avgjerande. Det same gjeld for velferdspolitikken og økonomisk omfordeling.²⁰ Det uformelle sosiale miljøet er også viktig. Men samtidig må den enkelte sjølv ta ansvar for sitt liv og stå til ansvar for sine handlingar.

Eit fornuftig og framtidretta regime har eit robust og realistisk menneskesyn, der ein ikkje trur at autonomi og fridom er gitte fakta, som berre er der, men der ein heller ikkje trur at folk jamt over ikkje kan ta hand om seg sjølv, slik at dei bør behandlast som klientar og ikkje som myndige menneske.

Kort sagt, vi bør distansere oss både frå forenklingane i det liberalistiske fridomsomgrepet, der ein går ut frå at alle i grunnen er autonome og veit sitt eige beste, og frå forenklingane i årsaksforklarande holdningar og klientiserande ordningar, der ein overser at kvar og ein bør ta ansvar for sitt eige liv, som autonom person i samhandling med andre.

Dette har implikasjonar for sosialpolitikken og skulepolitikken så vel som for innvandringspolitikken: Samfunnet skal leggje til rette, men også stille krav om eigeninnsats. Likeverdige anerkjenning forutset nettopp at vi stiller krav til kvarandre og held kvarandre ansvarlege for det vi seier og gjer.

Kultur som identitet

Eit fornuftig og framtidretta regime ser ikkje på kultur berre som konsum og underhaldning (hos ”brukarane”) og som arbeidsplass for kunstnarar og artistar av forskjellig slag. Kultur gjeld spørsmålet om kven vi er: meningskodar og verdiar, normer og identitet. Kultur i denne tydinga heng saman med kollektive erfaringar. Men kultur i denne tydinga blir også overført ved medviten innsats av ymse slag, også i politikken – frå skule og utdanning, og medie- og familiepolitikk, til distriktpolitikk og byplanlegging, og til arbeidsliv og sosialpolitikk.

Kultur i denne tydinga blir overført, men må tileignast av den enkelte. Det er ikkje noko vi ”har”, som ein ting. Kultur i denne tyding kan omtolkast og fornyast, kritiserast og forsvarast.

I dag er påverknaden frå engelsk-språkleg kultur sterkt dominerande. Dette er særleg utfordrande for små nasjonar: Det fordrar tiltak *inner*, til vern om det verdifulle i eigen kultur, t.d. eige språk, og tiltak *ute*, for å dempe påverknaden frå den dominerande part.²¹

Det fordrar vidare at små nasjonalstatar erkjenner at ein ikkje kan sikre kulturell og intellektuell kvalitet ved marknaden aleine, slik ein (i nokon grad) kan gjere i større nasjonalstatar og språksamfunn. Politiske tiltak og rammevilkår må på plass for å sikre ein rimeleg grad av kulturell og intellektuell kvalitet, ikkje berre for ulike former for kunst, men også for utdanning og forskning, og for dei ulike media og det offentlege rom meir allment.

Kulturpolitikk i denne tydinga er viktig. Det er viktig som forpliktande verdi. Men det er også viktig fordi eit fredeleg og fungerande samfunn, med allmenne velferdsordningar og omfordelingspolitikk, ikkje er mogleg utan ein viss felles kultur: Utover behovet for toleranse i moderne pluralistiske samfunn er det også eit behov for ein grunnleggjande solidaritet.²² Slik solidaritet kan ikkje opprettast ved enkle politiske vedtak eller ved moralsk appell til høgverdige ideal. Utan grunnleggjande felles erfaringar, t.d. i form av tillitsskapande læringsprosessar partane i mellom, får vi ingen berekraftig solidaritet. Kortsynt politikk kan undergrave det som finst av grunnleggjande solidaritet i eit samfunn. Ein framsynt politikk kan odle og verne det.

Solidaritet med kommande generasjonar

Solidaritet er ein grunnleggjande verdi for eit fornuftig og framtidretta regime. Ikkje minst gjeld dette ein forpliktande solidaritet for dei svakaste. Men i vår tid kan ikkje solidariteten avgrensast til oss som lever i dag. Det vi gjer i dag, har konsekvensar for generasjonar etter oss, så vel som for andre levande skapningar. Derfor må solidariteten også gjelde for dei.²³

Dette betyr at ein ansvarleg politikk må ta omsyn til miljøutfordringane på ein forpliktande måte. Ein solidarisk politikk krev berekraftig miljø og berekraftig utvikling. Kort sagt, vi kan ikkje ture fram slik vi gjer i dag: For eit fornuftig og framtidretta regime er det ei grunnleggjande målsetjing at vi etter evne prøver å møte miljøutfordringane med effektive og langsiktige tiltak, i solidaritet med dei som kjem etter oss.

Avsluttande merknad

Desse fem punkta krev strukturreformer og målretta tiltak der poenget med mot-ekspertise står sentralt. For, som sagt, mot-ekspertise tyder meir demokrati og meir fornuft. Derfor er mot-ekspertise ein ”lakmus-test” på ein ansvarleg og framtidsretta politikk, i solidaritet med kommande generasjonar.

¹ Vi skil ikkje her mellom «preventive» og «preemptive» krig. Jf t.d. diskusjonen om epistemiske utfordringar i denne samanhengen i Fisher 2011, og Saba Bazargans kritiske bokomtale i *Notre Dame Philosophical Reviews*, <http://ndpr.nd.news/26111-morality-and-war-can-war-be-just-in-the-twenty-first-century?>.

² På dette (vitskapsfilosofiske) grunnlaget kritisert eg NATOs nye strategi, i ein kronikk i *Aftenposten* (morgonutg.) 25.07.1999: «NATO og heilage krigar», med tilsvar 31.07.1999 (til Aftenpostens leiarartikkel 26.07.1999), med tittelen: «NATO, risikosamfunn og heilag krig».

³ Men det er ikkje lett, for mot folk som Bush, Cheney og Rumsfeld talar sjølv gudane forgjeves.

⁴ Eit typisk døme er forholdet mellom kapitalinteresser og økologiske verneinteresser.

⁵ I alle fag er det doktordisputas.

⁶ Dette gjeld alle moderne samfunn (”kunnskapssamfunn”). Men også i slike samfunn vil personlege og praktiske erfaringar frå livsverda vere grunnleggjande og ufråkommelege, jf diskusjonane om ”taus kunnskap”, frå Heidegger og Wittgenstein til Polanyi.

⁷ Som kjent, det er to ting ein student skal lære: ein modell, og at modellen ikkje er røyndommen.

⁸ Jf finanskrisa.

⁹ Det fagleg forfriskande ved Thomas Pikettys bok (Piketty 2014) ligg i kombinasjonen av økonomi og historie: Han står innanfor økonomifaget samtidig som han legg an eit historisk perspektiv. Dermed blir det også politisk potent (jf Marx).

¹⁰ Der t.d. dei normative spørsmåla blir omdefinerte (reduerte) til faktisitet: I økonomien blir bruksverdi (som er eit normativt begrep) omdefinert som byteverdi (som kan observerast og analyserast i matematiske modellar). I statsvitskapskapen blir verdispørsmål (t.d. om rettferd) omdefinert som interesse (som kan observerast og behandlast spelteoretisk).

¹¹ Der t.d. talehandlingsimmanente gyldigheitskrav blir reduserte til funksjonar i hjernen.

¹² Der t.d. talehandlingsimmanente gyldigheitskrav av kontekstoverskridande art blir reduserte til kontekstuelle ytringar. Jf kap. «Tankens vegar», også Skirbekk 2005 og 2009a.

¹³ For eksempel, i synet på artsutvikling er darwinismen trass i alt meir truverdig enn kreasjonismen.

¹⁴ Jf sosiologen Ulrich Beck om ”risikosamfunn”.

¹⁵ Men i dagens situasjon, med tabloide massemedia, og ikkje sjeldan med lett tabloidiserte forskarmiljø, blir det ofte synda mot dette kravet.

¹⁶ Jf kritikken av NPM, t.d. ”New Public Management: Puzzles of Democracy and the Influence of Citizens”, ved Christensen og Lægneid 2002.

¹⁷ Jf forsvaret (hos Fukuyama 2014) for at vi må ha ein moderne stat, *før* demokratiet kan fungere.

¹⁸ Eksistensialistane talar også om val, men ikkje om val av forbruksvarer.

¹⁹ Jf kap. «Din tanke er fri».

²⁰ Jf Skirbekk 2015.

²¹ Jf kap. «Språkpolitikk».

²² Jf kap. «Religion i moderne samfunn».

²³ Jf kap. «Etisk gradualisme, og ærefrykt for sårbart liv».